

VAL-95



SOGN OG FJORDANE

MED FOLK, MOT MAKTA



Vibeke



Banghild



Tine



Inne



Ragnhild

Kvifor vil vi på fylkestinget?

Vi veit at ein opprørar eller to ikkje gjev nokon revolusjon. Men vi har nokre spørsmål og nokre framlegg som vi trur vil vere med på å gjere Sogn og Fjordane til ein betre stad å leve. Mellom anna saker som miljø, omsut og anti-rasisme. Og så har vi fem damer på topp på lista! Fordi vi vil markere at vi ikkje godtek eit politisk system og eit politisk liv der ein knapt kan vere med om ein er kvinne, med sosialt samvit og ansvar, og ein arbeidsstil som ofte skil seg frå mannfolka sin. Fordi vi vil ha meir demokrati, noko som føreset at fleire får høve til å vere med. Fordi vi ofte fokuserer på andre saker enn menn gjer. Vi er fem kvinner som vil gjere ein god jobb saman med og for folk i Sogn og Fjordane!

Kvifor sosialisme?

Raud Valallianse sitt mål er eit sosialistisk samfunn utan klasser, undertrykking, naud og rasisme. Eit samfunn kor menneska sine behov og naturen si toleevne styrer produksjon og forbruk. Eit samfunn kor folk har innverknad på eigen kvardag og lokalsamfunn. Målet er eit samfunn utan kløft mellom rike og fattige, mellom styrande og styrte, med vekt på mangfald og med eit aktivt demokrati.

Korleis kan dei seie at kapitalismen fungerer?

Eit slikt samfunn føreset eit brot med den kapitalistiske utviklinga. Etter murens fall meiner mange at sosialismen har spelt fallitt og at kapitalismen er det einaste alternativet. For det fyrste utvikla dei såkalla sosialistiske statane eit sentralistisk, statskapitalistisk styre. For det andre dør det om lag 40 000 barn kvar dag, av svolt, meslingar og diarre. Vi tek eit stille kvelartak på jorda. Miljømordet må stoppast og eit forbruk som må reduserast i den rike del av verda og fordelast i heile verda. Tusenvis går utan lønsarbeid, medan store oppgåver til dømes innan helse og omsorg-sektoren ikkje er løyste. Korleis kan de sjå den pleiestrengande, den sveltande eller den arbeidsløyse i augo og seie at kapitalismen er einaste alternativ? Kapitalismen er ikkje eit alternativ for folk flest og jorda kan leve godt med i framtida.

Vi treng eit samfunn kor verdiane menneskeverd, rettferd, likskap og mangfald står i sentrum, ikkje berre i festtalar og valprogram, men i praktisk handling mellom folk og i organsasjonar og styrande organ. Ei konkret utfordring til Sogn og Fjordane er å ta vel i mot fleire flyktingar i kommunane.

RV foreiner den daglege kampen for natur og folk med eit sosialistisk perspektiv, og kombinerer parlamentarisk arbeid og aktivisme. Vi nyttar representasjon i Storinget, fylkesting og kommunestyre til å kjempe for viktige krav og som "talarstol" som stetter den utanomparlamentariske kampen.

Kva gjer lokaldemokrati til noko meir enn ein frase?

Aktive, opne lokalsamfunn er ein føresetnad for at demokrati skal bli meir enn ein frase. Alle må ha høve til å delta i samfunnsdebatten og vere med på å bestemme. Dette kan ikkje overlatast til heiltidstilsette politikarar og byråkratar. Kommunane må særleg leggje til rette for at ungdom vert høyrd og får høve til å påverke i viktige saker.

Arbeid til alle!

I ei tid kor arbeidsløysa er høg, stig overskotet til stat og bedrifter. Dette viser at nokon *tener* på ei høg arbeidsløysa. RV vil aktivt arbeide for arbeid til alle, ikkje berre nytte parolen i valprogram og festtalar. I staden for å investere overskotet i innan- og utanlandske bankar vil vi investere i arbeidsplassar og menneskeleg kapital.

Produksjonen må spele på lag med naturen og mennesket. Til dømes gjev produksjon av økologiske matvarer arbeidsplassar samstundes som det er ei solidarisk handling i høve til dei i verda som svelt.

I vår del av verda må forbruket av ressursar og varer reduserast. Veksten i arbeidsplassar må kome innan opplæring, omsut, kultur og miljø. 6-timersdag er eit viktig krav for RV.

Ja til distrikta - Nei til EU og EØS

RV meiner spreidd bustnad gir betre trivsel, rikare kulturliv, betre ressurs-nyting og mindre urening. Men ein kraftig sentraliserings-vind bles over Noreg. Landbrukspolitikken til AP-regjeringa legg einsidig vekt på økonomisk lønsemd og fører til nedlegging av gardsbruk og jordbruksbasert industri. Det same skjer innan fiskerinæringa, med auka satsing på havgåande trålarar, i staden for kystfiskeflåta.

RV vil ha miljøomsyn og kvinneperspektiv i botn for all offentleg planlegging i fylket. Vi godtek ikkje at mannlege planleggjarar i sentrum mellom anna legg opp til storstilt pendling til regionsentra.

Staten må finansiere når kommunane vert pålagde nye oppgåver. Skilnaden mellom rike og fattige kommunar må jamnast ut av statlege løyvingar. Statlege midlar må følgje statlege reformar.

Etter NEI-sigeren i folkerøystinga i 1994 har regjeringa og fleirtalet på Stortinget halde fram med EU-tilpassing i stor stil. Dette har og konsekvensar for kommuneøkonomien og er difor viktig i eit lokalval. Kampen mot EU og EØS held fram!

Samferdsle/kommunikasjon

Eit godt utbygd kommunikasjonsnett er ein føresetnad for busetting i distrikta. RV seier nei til Kyststamvegen og vil nytte nokre av dei øymerka vegkronene til opprusting av vegnettet, rassikring, trafikksikringsarbeid og fleire ferje- og båtavganger. Eit godt kollektivtilbod med ringbuss i sentrum, fleire avganger i distrikta og nattbuss i helgane. Vi seier nei til nedlegging av postkontor og omorganiseringar som tappar fylket for arbeidsplassar og ei god post- og teleteneste.

Kvifor vert folk sjuke?

Vi vil arbeide for offentlig velferd på omkostnad av dei rike sitt forbruk. Kravet er førebygging og at alle skal få rask og god behandling og omsut når dei er sjuke. Dei sosiale problema og omfanget av psykosomatiske og andre miljøskapte sjukdommar er ein gradmålar på korleis det økonomiske og politiske system går ut over helsa til folk. Den hemningslause veksten innan privatbilismen er til dømes eit av dei største helseproblema, med bildrap, skader og auka astma- og allergiplagar mellom barn som dei viktigaste.

Korleis får vi lik rett til utdanning?

Lik rett til utdanning er ei rettesnor for RV sin utdanningspolitikk. Utdanning er eit gode for samfunnet og den einskilde elev og student.

RV ønskjer at Stortinget stoppar Grunnskulereforma, seks-åringane høyrer heime i barnehage, ikkje i skulen. Om Stortinget held fast på den sokalla reforma, må dei løyve midlar slik at kommunane har høve til å gje reforma eit fagleg og sosialt godt innhald.

Fylkeskommunen må få stønad til å gjennomføre intensjonane i Reform 94 i høve til etterutdanning for lærarane og utstyr til skulane. Alle skal gå gjeldfrie ut av vidaregåande skule.

Framleis er det skeiv sosial rekruttering til høgare utdanning og sjølv om jentene er i fleirtal på lågare nivå, er det langt fleire gutar som tek hovudfag og doktorgrad. Studieløn i høgare utdanning er eit verkemiddel for at alle som vil skal kunne studere og er eit steg på vegen mot samfunnsløn. Ingen skal tvingast inn i utdanningssystemet fordi ein ikkje nytter overskotet i bedriftane og staten til å skape arbeidsplassar.

RV vil arbeide for:



Miljø

Vern og skjøtselplan må sjåast i samanheng og baserast på tradisjonar, lokal kunnskap og miljøstyresmaktene sin kunnskap.

Fortetting i lokalsamfunna og eit aktiv jordbruk treng ikkje å kome i konflikt. Ta parkeringsplassane i Førde sentrum, ikkje Hafstadflatene til fortetting.

Auk barskogvernet.

Mindre bygging av skogsbilvegar særleg i bratt terreng, av omsyn til det biologiske mangfaldet.

Utdanning

Aktivt arbeid mot rasisme i skular og barnehagar.

Eit studieår med løn for lærarar og førskulelærarar etter åtte års teneste i fylkeskommunen/kommunen.

Kultur

Ungdomsstyrte ungdomshus

Opn skulane til kulturelle, sosiale og politiske aktivitetar.

Musikkskular, musikkbarnehagar og kunstskular i kommunane.

Nei til Storhall i Sogndal! Nytt midlane til idrettshallar og idrettsplassar i heile fylket.

Betre symjetilbod i kommunane.

Pornofritt Sogn og Fjordane!

Kontortilbod i kommunane for lag, organisasjonar og grupper som ikkje har økonomi til eige lokale. Tilgjenge til skrivemaskin, datamaskin, telefon, kopiering mm.

Helse

Helsesystemteneste for ungdom

Godt utbygd jordmorteneste og mor-barn-omsut i kommunane.

Unge med fysisk eller psykisk funksjonshemming skal ikkje plasserast på eldre- eller sjukeheim.

Gamle og sjuke skal bu heime så lenge dei ønskjer. Det føreset ei god heimebasert og kommunalt driven omsorgsteneste. Dei som ønskjer plass på eldre- eller sjukeheim skal få det. Alle som bur på eldre- og sjukeheim skal ha einerom.

Aktiv stønad til Krisetelefonane og Krisesenteret.

Arbeid

Prøveprosjekt med 6-timarsdag i helse- og sosialsektoren.

Auk sjølvforsyningsgraden av økologisk dyrka matvarer.

Storkonserna må skape nye arbeidsplassar. RV stetter dei tilsette sin kamp mot rasjonalisering.

Vi godtek ikkje fleire utsetjingar av Hydro sine utbyggingsplanar.

RV-LISTA 1995



1.	Trine Nylehn, heimearbeidande	Hermannsverk
2.	Vibeke Johnsen, student	Sogndal
3.	Irene Rasmussen, arbeidslaus	Svelgen
4.	Borghild Guddal, student	Førde
5.	Ragnhild Hukset, førskulelærer	Førde
6.	Geir Olseide, fiskar	Måløy
7.	Magnar Wøien, adjunkt	Høyanger
8.	Asbjørn Geithus, lektor	Sandane
9.	Einar Rysjedal, miljøleiar	Høyanger
10.	Knut Solberg, faglærer	Førde
11.	Solveig Andersen, jordbruksskuleelev	Aurland
12.	Randi Aven, hjelpepleiar	Høyanger
13.	Bjørn Cirotzki, industriarbeidar	Førde
14.	Vilhelm Einen, lærar	Sogndal
15.	Åge Eitungjerde, sjukepleiar	Balestrand
16.	Björg Eldheim, elev	Førde
17.	Magnar Falkenstein, bonde/lærer	Naustdal
18.	Eva Flyum, student	Deknepollen
19.	Bjarte Grimelid, landarbeidar	Oppedal
20.	Rigmor Henriksen, distriktsmusikar	Sogndal
21.	Maria Hjelmeland, elev	Sande
22.	Helge Hjertenes, industriarbeidar	Deknepollen
23.	Eli Grethe Høyvik, likestillingskonsulent	Balestrand
24.	Magnar Juklestad, lærar	Årdal i Jølster
25.	Helga Kvamsås, hygieneteknikar	Førde
26.	Arnar Kvernevik, konsulent	Sandane
27.	Brynhild Løken, el-montør	Florø
28.	Berit Karin Løland, førskulelærer	Høyanger
29.	Inger Myklebust, sjukepleiar	Førde
30.	Rakel Odette Tetlie, elev	Leikanger
31.	Hanne Oftedal, musikkterapeut	Sandane
32.	Ivar Orvedal, småbrukar	Høyanger
33.	Marit Slettevold, sjukepleiar	Naustdal
34.	Kolbjørn Taklo, agronom	Florø
35.	Oskar Tenden, bonde	Hjelledalen
36.	Ottar Uglum, industriarbeidar	Høyanger
37.	Fritjov Urdal, kulturarbeidar	Førde
38.	Knut Vebjørnsen, faglærer	Førde
39.	Britt Kvam, arbeidsleiar	Balestrand

RV-liste kan du og røyste på i Førde, Høyanger og Naustdal. I Balestrand står Åge Eitungjerde på topp på RV/SV-lista.

Ønskjer du meir informasjon om RV? Kontakt RV i S&F ved Ottar Uglum, Håland, 5900 HØYANGER, tlf 57 71 29 21